



AGNAR NAUSTDAL • Jordskifte kandidat

Oppmålingsforretninger • Arealplaner • Tingsrett

Dato: 16.02.2023

Johannes Alne  
Haugesund

**GNR. 94 BNR. 2 OG BNR. 3. NAUST OG BÅTOPPDRAK FOR MÆLAND PÅ GNR. 95  
KLAFTHUS.**

Eg sender vedlagt utdrag av jordskiftekart for Mæland og Klafthus det område for naust og  
båtoppdrag for Mæland er vist.

Eg legg også ved kart i målestokk 1:200 med konstruerte grenser ut frå grenseskildringa i utskiftinga  
i 1912 med feilmargin ca. 1m.

I utskiftinga er tomte skildra som eigedom for bnr. 1, 2 og 3 på Mæland. Bnr. 4 skal ha rett til  
oppdrag og fortøying av ein båt på parten til bnr. 3. Gras som veks på tomte høyrer til eigaren av bnr.  
1 på Klafthus.

Nausttomta er sameige for bnr. 1, 2 og 3 med høvetal  $4 \frac{4}{5}$ ,  $4 \frac{4}{5}$  og  $6 \frac{2}{5}$  spann korn = 4,8, 4,8 og  
6,4 spann til saman 16 spann korn. Sameigepart i prosent vert 30 % på bnr. 1, 30% på bnr. 2 og 40%  
på bnr. 3. Sum sameigepart for bnr. 2 og 3 vert 70%.


Ved deling av bnr. 2 og bnr. 3 vil eg tru bustadhuset som seljar skal behalde vil få nytt  
matrikelnummer. Det må førast på skøytet for parsellen eller tinglysast som eige dokument at  
rettane ved sjøen skal høyre til bustadeigedomen. Vidare må bustadeigedomen sikrast rett til veg slik  
som skildra i utskiftinga, veg nr. 2 frå sjøen og opp til offentleg veg. Det er også rett til nødvendig  
snplass, men ikkje til parkering på 95/1 ovanfor naustområdet.

I samband med delinga bør det går fram av rekvisisjonen at grensene for naustområdet skal målast  
opp og merkast av.

Ved ei mogleg deling av naustområdet mellom 94/1, 94/2 og 94/3 skal bnr. 2 og 3 overta 70%.  
Retten for bnr. 4 vil i så fall hefte på parten til bnr. 2 og bnr. 3.

  
Agnar Naustdal





Utkast av jernbroens land beskyttelse i 1910.

